

Fylkeseldrerådet i Hordaland
Agnes Mowinckels gate
Bergen

Helse- og omsorgsdepartementet
Oslo dep

Bergen den september 2019

Høyringsvar

«Utviding av rettighetsbestemmelsen om brukerstyrt personlig assistanse for bestemte personer over 67 år»

I møte den 5. september 2019, sak PS. ... /19 handsama Fylkeseldrerådet i Hordaland forslaget om utvida rettighet til brukerstyrt personleg assistanse (BPA) for bestemte personar over 67 år.

I høyringsnotatet gir departementet ei grundig utgreiing om bakgrunnen for forslaget, og notatet tar også for seg om forslaget vil føra med seg auka utgifter for kommunane. Fylkeseldrerådet støttar synspunkta departementet gir uttrykk for i høyringsnotatet om kva BPA er og er meint å vera (frigjøringsverktøy som gir likestilling og helsegevinst). Det er viktig i saka at det i høyringsnotatet blir vist til at det ligg føre kostnadsdata som viser at ordninga ikkje er dyrare, men billeggare eller kostnadsnøytral i samanlikning med andre hjelpetiltak kommunane kan gi, som til dømes vanleg heimehjelp. Det er positivt at høyringsnotatet understrekar at BPA-ordninga ikkje er dyrare enn anna hjelpe frå kommunen som vedkommande person ville hatt krav på.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er nøgd med at det no blir føreslått å fjerne punktet i lova om at personar som allereie har BPA, ikkje lenger har lovbestemt rett til dette hjelpetiltaket når dei fyller 67 år.

Fylkeseldrerådet i Hordaland støttar såleis forslaget om å utvida rettighetsbestemmelsen i lovverket om BPA for personar som allereie har denne ordninga, slik at dei kan vera trygge på at BPA-ordninga ikkje blir tatt frå dei når dei passerer 67 år.

TILLEGGSKOMMENTARAR.

Høyringsnotatet peikar på at BPA-ordninga er ei ordning for personar med store og langvarige behov, og at målet med ordninga er «å bidra til at personer med bistandsbehov får et aktivt og mest mulig uavhengig liv til tross for funksjonsnedsettelsen.» BPA er såleis ei ordning som gjer det mogleg for personar med nedsett funksjonsevne til å verta likestilte med friske personar når det gjeld å kunna delta i aktivitetar utanfor heimen.

Fylkeseldrerådet i Hordaland er kjent med at det har vore, og er, mykje diskusjon omkring korleis BPA-ordninga, som er lagt til kommunane, blir handsama rundt om, og under kva for eit departement og politisk nivå ordninga bør liggja. Diskusjonen går føre seg både i politiske fora, i ulike organisasjonar og blant mottakarar av ordninga og deira pårørande.

Nokre tema/forhold mange er opptatte av:

- Ulikskapen mellom kommunane i korleis lovverket rundt BPA blir tolka og nytta og kven og kor mange som får innvilga ordninga.
- At lovverket stengjer for å kunna få BPA -ordning dersom ein vert fysisk hjelpetrengjande etter fylte 67 år, sjølv om denne ordninga ville ha vore den beste løysinga for vedkommande person (og kan henda også for kommunen sjølv).
- Om ordninga først og fremst er eit helsetilbod eller eit likestillingstiltak for å gi personen det gjeld høve til å delta i samfunnet på lik line med personar som ikkje har nedsett funksjonsevne, dvs om ordninga i dag ligg under rett departement.

Fylkeseldrerådet meiner det er uheldig at det er så stor forskjell mellom kommunane i korleis BPA-ordninga blir forstått, handsama og praktisert. *Fylkeseldrerådet oppfordrar difor departementet, gjerne i samarbeid med aktuelle organisasjonar, til å sjå på korleis BPA-ordninga kan fungera og praktiserast meir likt over heile landet, og også om ordninga i dag ligg under rett departement.*

Med venleg helsing
Fylkeseldrerådet i Hordaland

Gunda Falao Sparre
Leiar